

BLANT GALNE ALKYMISTAR OG ENGLAR I EKSIL

Helge Torvund sin tale ved opninga av minneutstillinga over verka til

Gunnar Torvund i regi av Bryne Kunstforeining 28.1.2022



Når ein ser attende på Gunnar sine arbeid er det fleire forskjellige tema som går igjen, og som gjer at ein kan nærma seg kunstnarskapet frå mange vinklar, og då fanga ein del av det karakteristiske ved han. Båtane, sledane, hustavlene og vengene. Og så har ein husa og dei opne hovuda der det heng alle slags ting inni. Men kvar inngangsport dekker bare eit fragment av det han var og stod for og det han laga, slik at ein må ta for seg fleire av desse for å danna seg eit slags heilskapsbilete. I staden for å ta for meg mange slike tema, vil eg her prøva å visa nokre av inspirasjonskjeldene og visse essensielle element ved haldninga hans som eg trur låg bak svært mange av arbeida.

Ein kunne til dømes ha byrja med å ta for seg kyrkjekunsten og dei mange altertavlene og utsmykkingane av Gudshus som han fekk utføra, men eg har lyst å byrja ein litt annan stad, og fortelja om ein spesiell augneblink eg opplevde saman med Gunnar i atelieret hans i Kviteseid. For i all respekten for, og i dei visuelle hymnene til, det heilage, var aldri vegen lang til humoren og til det å visa til heilt andre sider av tilværet.

Han viste meg i dette tilfellet ein vakker skulptur som eg bare såg den eine gongen, og som eg ikkje aner kvar vart av, men som eg har forstått har vore med på ei utstilling seinare. Det var ei nydeleg og forseggjort bitte lita seng med ei mjuke pute trekt med fløyel i ein djup raudfarge. Oppå denne, pressa litt nedi av si eiga tyngd, låg ein fint utforma og godt polert fallos av lysande marmor. «Giss kva denne heiter?» sa Gunnar. Eg hadde ikkje peiling og hadde ingen forslag. Eg såg bare spørjande på han. Då sa han med eit triumfrande og lurt smil: «Pikk og pute.»

Ein av dei siste gongane eg snakka med han då han var sjuk, fortalde eg at dotter mi, Helene, nå studerte ved forfattarskolen i København, og at me to saman hadde kome fram til at skulen hennar var i det same bygget som Det Kongelige Danske Kunstakademiet var i då Gunnar gjekk der. Det førte til at han mimra litt om den tida, og det er noko ved sjølve byrjinga i København som både fortel noko om ei heilt anna tid, men som og understreker den utruleg sterke dedikasjonen Gunnar følte til faget sitt. Tenk dykk at han seier opp ein

trygg arbeidsplass ved konditoriet på Nærbø Handelslag, der han nyleg hadde avlagt sveineprøven, mellom anna med å laga ein nydeleg syrinvast i marsipan, og så bare drog han av garde til København. Han hadde kome inn på kunstakademiet der, men ikkje på Kunst- og handverkskulen i Oslo. Og nett det trur eg ikkje var så dumt for han og hans interesser. Ein morgon i 1968 stig han altså ut på sentralbanestasjonen i København, som er ein flott og stor, gammaldags jernbanehall. Han har litt bagasje med seg, men han har ingen stad å bu. Det er ein eim av cigar i lufta, og folk snakkar dansk. Alt er annleis og spennande, fascinerande, òg, må ein nesten rekna med; litt skræmde. Korleis vil dette gå? Kva ligg framfor han? Eg trur han hadde stor sjølvtilitt og stor tru på sitt eige talent, men han var òg ein følsam ung mann, og det må ha vore mange ting som var uavklarte og

ukjente og som må ha gjort han usikker og nervøs.

Den første tida Gunnar studerte ved kunstakademiet i København hadde han ei lita stilling som vaskehjelp og ein slags vaktmeister ved akademiet, og i og med at han då fekk nøklar til bygget og ikkje hadde nokon stad å sova om nettene, rigga han seg til med ein madrass i ein krok i eit rom, og budde rett og slett der. Han rulla saman madrassen og stappa den vekk før dei andre dukka opp om føremiddagen, og budde slik til han fekk tak i ein hybel.

Eg haika ned og besøkte han i København då han hadde fått ein liten hybelleilegheit, og hugsar spesielt ein episode som fortel noko om måten han var på, måten han såg seg om i verda, og kva han var villig til å gjera for sitt kall som kunstnar. Og kva det kosta han.

Ein dag sat eg aleine på hybelen hans og las eit flunkande nytt Asterix-hefte som hadde kome ut i Danmark men ikkje ennå i Noreg. Eg hugsar at eg var så oppslukt av dei utruleg fine teikningane at eg heilt gløynde å le av det morosame ved historia.

Brått gjekk døra opp og Gunnar storma inn og kasta seg andpusten ned på senga som tente som divan om dagen. Eg spurte kva som var på ferde, og han fortalde. I lengre tid hadde han observert ein ung gut som hadde eit så følsamt og vakkert uttrykk. Han hadde vorte nærast besatt av tanken på kor fint det ville vore å lage eit skulpturportrett av nett den guten. Og så hadde han nettopp sett guten på fortauet igjen, og nå var guten samen med foreldra sine, og Gunnar hadde med hjarta i halsen gått bort til desse framande menneska og framført sitt ærend. Om det ville vera muligt at guten kunne sitja modell for han, ja, han studerte skulptur ved kunstakademiet, og hadde lagt merke til hovudet og ansiktet til sonen deira, og ville altså nå be dei om å få lov til å låna guten deira som modell. Dette må jo ha vore fullstendig absurd for både foreldre og guten sjølv. Men så sei dei altså ja! Tenk det! Og Gunnar var så glad og så letta, og neste gong eg var nede og besøkte han fekk eg sjå portrettet, utført i gips, med vakre bogar av langt hår kring eit svært fint og følsamt modulert ansikt. I og med at eg har sett at Gunnar har ei god evne til å laga naturalistiske portrett, tenkte eg at dette var eit samarbeid, mellom Gunnar, guten, foreldra som hadde skapt han og Gud som hadde skapt alt saman.

Ja, Gunnar hadde eit talent for å laga naturalistiske portrett, skulpturar som likna noko, som dei ville sagt på Nærbo. Eg har eit slikt portrett i keramikk som han laga av meg medan han framleis budde heime. Han kunne òg måla i den gamle tradisjonen, og kopierte verk av både Rembrandt heime på Nærbo. Men snart kopierte han bilete av Picasso. Ei stund hadde me ein detalj frå Guernica på ei kottdør inne på rommet hans. For han vart tidleg fascinert av modernistiske kunstnarar. Særleg dei tinga som ikkje bare var typiske for ein -isme, men som hadde ein spesiell kunstnar sitt særpreg og karakter. Som skulpturane til Henry Moore og bileta til Salvador Dalí. To svært tidlege skulpturar er gode døme på dette. Den eine heitte «But good inside». Det var ein liten skulptur av ein nedbroten mann skoren ut i svart tre, eg trur det var ibenholt. Mannen mangla ein fot og støtta seg til ei gammaldags krykke. Hovudet var på ein måte noko nedtrykt mot kroppen, men framme litt på venstre sida av brystet, omtrent der ein ville seia at hjarta var, var det felt inn ein liten klump av ekta gull. Akkurat den gullklumpen vekte litt oppstyr i heimen då far og mot forstod at Gunnar hadde smelta om ein gullring han hadde fått til konfirmasjonen.

Nett denne skulpturen var med då Gunnar debuterte på Charlottenborg Foraarsutstilling i 1970. Eg såg den første gongen i stova heime på Nærbo. Den fortalde ein historie. Den var som ein figur som kom ut av ein roman.

Ein dag kom Gunnar inn i stova på Nærbo med ein mykje større skulptur, skoren ut i lyst tre og med sokkel under. Den var utruleg vakker, og eg aner ikkje kvar den vart av. Den var meir i ein Henry Moore og Barbara Hepworth-tradisjon, og eg hugsar ikkje at den hadde nokon tittel. Det var runde, organiske former med bølgjande, og med rørsler og opne rom mellom dei ulike elementa. Den likna ikkje på noko, men hadde sin eigen fine utstråling av noko som var i usymmetrisk harmoni.

Noko av det mest spennande med Gunnar sine skulpturar er at dei har så mange inspirasjonskjelder. Dei er samansette av så mange inntrykk, du har flyplassar og eldgamle, arkaiske hovud frå Mexico, frå det afrikanske kontinentet, bilethoggarar frå Norden, som Torsten Renqvist og Kain Tapper, moderne teknologi, naturelement, inuittkunst, surrealisme, ekspresjonisme og modernisme, og han tok element frå alle desse kjeldene og smelta dei inn i sitt eige personlege uttrykk. Og eg har lyst å ta fram spesielt ein kunstretning, ei kjelde til begeistring og inspirasjon som gav Gunnar veldig mykje. Ein retning som egentleg aldri hadde noko stort gjennombrøt her i Noreg, men som jo var desto meir framme i København.

Sjølv om Gunnar ikkje ville ha skrive under på Det Surrealistiske Manifest eller noko anna manifest som eg veit om, så er det ikkje bare den reint visuelle overraskinga, dei sjokka som oppstår når Magritte set saman to konkrete ting som me ikkje har sett saman før, og alle dei andre effektane, som var tiltrekkjande for han ved surrealismen, for viss me skreller vekk dette med å følgje dei ubevisste impulsane og leggja all kontroll til side, så finst det noko anna fascinerande ved surrealismen sitt grunnleggjande budskap. I forordet til boka «Jordlys» (Earthlight), som inneheld gjendikningar av André Breton sin poesi, skriv ein av gjendiktarane, Bill Zavatsky, at noko av det store ved surrealismen var at den sa, at «akkurat her, nett nå, i denne verda, kanskje medan du går ned ei gate og kastar eit tilfeldig blick inn i vindauget på det lokale apoteket, kan det henda at du finn ein portal inn til *den andre* verda, verda *over* eller *bortanfor* eller *på eit anna nivå* enn denne verda; det tapte paradiset som Breton og hans medsamansvarne lette ustoppelig etter som om dei var galne alkymistar eller englar i eksil. Viss du verkeleg kunne finna denne verda nede i gata og rundt hjørna, og surrealistane meinte denne *kunne* finnast, ja då kunne du sjølv *skapa* den. Å det å tenkja slik, gir uvanleg mykje «empowerment», pågangsmot og styrke, og er noko alle poetar – alle menneske – ville ha godt av å ta til seg, skriv Bill Zavatsky.

Eg meiner at det går ein tråd frå barndommens kreative leik, der me laga teiknefilmar og underlege løyper for kvarandre, der mykje rart kunne skje, via dei sprø, absurde, surrealistiske lydbandopptaka Gunnar og eg laga saman med vår venn Arvid Moi, fram til den skapande verksemda i kunsten og litteraturen. Humoren var alltid der, like under overflata, eller i full utfolding i underlege skulpturelle uttrykk. Og i mi verd står ikkje humoren i noka motsetjing til det alvorlege, til det heilage. Gud må ha ein velutvikla sans for humor.

Eit av dei fine minna frå den siste tida til Gunnar, var at Arvid sendte meg nokre av desse lydbandopptaka i digitalisert format, der Gunnar var med, og eg sendte dei vidare til han.

Og han rapporterte at han fekk nokre salige stunder med mykje lått ved å lytta på desse. At han var nøgd med desse, viste det at han sendte dei vidare til fleire av sine vennar, og eg fekk vita via Gunnar korleis desse vennane hadde reagert.

I eit opptak parodierer Gunnar med intens innleving ei modernistisk diktopplesing, i eit anna er me Jærbønder alle tre, det smått legendariske "Bondemøte", der Gunnar med sin arbeidserfaring frå gard og hønsesus, verkeleg briljerte med gammaldags Jærdialekt og haldningar. Desse opptaka bare skjedde, utan nokon plan, og var rein improvisasjon.

Dei var element av lydbøker fylt med ein absurd humor og ein vilter leikande energi ikkje fjernt frå mykje av det surrealismen gjorde i kontortida.

Gunnar kjøpte brukte ting, plukka opp gjenstandar som var kasta, og samla på alt mogleg. Plutseleg ein dag kunne han finne på å lima saman to rosemåla treskål-bitar med silikon, og kalla dette for "Skriket frå Telemark". Utan at me tek vare på det leikande, nysgjerrige barnet i oss, trur eg ikkje den slags oppfinnsamheit og til humoristisk kreativ verksemd er mogleg.

Eit svært fascinerande og ganske originalt trekk ved nokre av Gunnar sine skulpturar, er at dei har luker som kan opnast. Det kan nok vera mange tankar bak dette og ulike inspirasjonskjelder, men eg har mi ganske bestemte oppfatning av kva det er som først og fremst har inspirert kunstnaren her.

Mor var nemleg utdanna sydame og ein av symaskinane hennar, ein gammal Singer-maskin som lenge stod i stova, var montert inn i eit vakkert utforma trebord, som den òg kunne fellast heilt ned i. På dette bordet var det ei lita skyveluke med ein liten metallknott som handtak. Svært elegant forma med avrunda hjørne. Slik eg hugsar den må den ha vore ei smøreluke, der ein kunne kome til motoren med symaskinolje. Samstundes var det som å sjå inn i ei anna verd, ei uforståeleg miniatyrverd av vakkert metall og maskindelar.

Nå har dette med fleire nivå av rom i skulpturane fascinert Gunnar på fleire måtar. Også i hustavlene utnyttar han dette aspektet, men meir som vindaug me kan sjå inn i, utan at det er "dør" eller luker.

Det fascinerande med at noko er lukka, noko er skjult, gøymt for blikket eller for innsikt, og så kan opnast, slik òg ei bok kan opnast, og avsløra noko i sitt indre, er at det utvider

tolkings- og opplevingsmuligheiter. Også nokre av dei mindre albertavlene hans kan lukkast igjen og opnast. Av og til er det skore ut små opningar i dei ytre panela som gjer at ein kan ana kva som er bakom. Og i alle desse eksempla, går det igjen, dette med å opna ei luke, ei dør, slå opp ein port, kikka inn eit vindaug, og sjå inn i ei anna verd.

Dei aller fleste barndomsminna eg har om Gunnar, er knytt til huset der me budde som barn, i Bragevegen på Nærbø. Der hadde me rom i lag medan me var små, og leika alle moglege slags oppfinnsame ting i trappa og kjellaren og i hage og ved uthuset utanfor. Me hadde eit hemmeleg rom over kjellartrappa der me gøymde superhelt-kostyma våre. Det huset var sentrum i verda vår i mange år. Andre "hus" me hadde saman, var både palisade-fort og wigwamar som me laga av stokkar og kvistar og mose i skogen like ved heimehuset. Og så må eg nemna teltet me slo opp ved eit vatn nær Undheim, der me to fiska og overnatta fleire netter. Me var på sykkeltur, og hadde fleire døger ute i naturen, bare me. Fine stemningar, stille kveldar med ugleul, tidleg morgondis med vått, saftig gras mot hendene, når me opna teltet, stemningar som var som tekne like ut av Nick Adams-novellene til Ernest Hemingway. Noveller me begge to elska å lesa på den tida me budde på Nærbø. Ulike formar for hus kom til å dukka opp igjen og igjen i skulpturane. I svært varierte og ofte uventa former.

Eit visst bilete av oppfinnsamheit, allsidigheit og eksperimenteringsevne får ein, som ein kritikar ein gong skreiv, bare av å lista opp ein del av dei materiala Gunnar brukte. Kritikaren skreiv at dette i seg sjølv er nærast som eit dikt: alabast, aluminium, bjørk, bladgull, bly, bronse, elfenbein, finér, fjør, fiskebein, fløyel, furu, glass, glassperler, granitt, gummi, kvaltenner, lær, marmor, perlemor, pleksiglass, porselen, rav, sand, skinn, sommarfuglvenger, stein, stål, sølv, tekster og – vatn.

Her er nemnt tekstar, og Gunnar har òg vorte kalla poeten blant bilethoggarar. Og ei felles inspirasjonskjelde for oss, var, i tillegg til biletkunst, litteraturen. Me las, og me snakka om dei opplevingane me hadde av bøkene. Bibelen og Bjørneboe, Vesaas, Hemingway og Hamsun. Gunnar var svært fascinert av Hamsun sine utruleg presise og detaljfokuserte observasjonar, som at han kunne skriva om den vesle hudfalden over leddet på tommelfingeren på ein av sine romanpersonar sine. Og så las me Vesaas, og Vesaas igjen.

Dei mange portretta av poetar og forfattarar viser kor vesentleg litteraturen heldt fram med å vera for han. Bibelen, poesien, songar og salmar, romanar og noveller, var med i heilskapen, men han kunne òg verta fascinert av skildringa i ein spenningsroman der ein mann låg i senga og lytta til lyden av ein motorsykkel som sakte vart borte der ute i natta.

På same måten som surrealismen kan fortelja om portar inn til ei anna verd, opnar jo ofte litteraturen slike portalar som gjer det mogleg for oss å verta medskapande, og på den måten finna ei litt anna

verd, ei anna tid, og gjera det mogleg for oss å leva der og få inspirasjon, idear, engasjement og glede som me kan ta med oss attende til denne fysiske verda og gjenskapa noko av dette, til dømes i ein skulptur som «Studie av englevenger» med venger av kvit marmor.

I diktsamlinga mi "Bare eitt spørsmål til," som eg gav ut på Samlaget i 1997, byggjer fleire av dikta på samtalar med døtrene mine. Eitt av dikta sluttar slik:

Eg seier:

"Når sommarfuglane døyr
om hausten

går ein sommarfuglsamlar

og plukkar dei opp

i ein stor glasbolle

om natta.

Så strør han eit pulver over dei

og dei stig opp

i lufta og vert til

regnbogar."

"Er det sant?"

"Det er ei forteljning."

Ho spør:

"Men har eg ikkje sagt

at dei lagar små

passelege sommarfuglkister?"

Dette avsnittet har openbart fanga Gunnar sin fantasi og skaparlyst, og ei stund etter at han hadde fått tilsendt boka, kom det ein pakke i posten. I den var det ei vakker, usymmetrisk blå sommarfugl-kiste, nydeleg uført i tre, med bladgullbelagt lokk!

Oppi var det ein gjennomiktig sommarfugl og under den hadde Gunnar laga ein visuell gjenklang av Kjell Nupen si framsideteikning på boka, ein energisk ensø.

Denne sommarfugl-kista har alltid stått framme hjå oss. Ein vakker miniskulptur som viser korleis inspirasjonen har gått fram og tilbake mellom oss brørne, og vise Gunnar sin tendens til å brått leggja ned masse arbeid i ei slik gåve som takk for tilsendte dikt.

Helge Torvund, januar 2022

